



Arkoconsult AS  
Postboks 103  
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/10740 - 22/12689

Saksbehandlar:  
Einar Aase  
einar.aase@alver.kommune.no

Dato:  
14.02.2022

## **Varsel om utsett frist for behandling av søknaden/kulturhistorisk synfaring - gbnr 214/32 Fyllingsnes**

Tiltak: Dispensasjon - fritidsbustad/veg  
Byggjestad: Gbnr: 214/32  
Tiltakshavar: Helge Magnus Erdal  
Ansvarleg søkjar: Arkoconsult AS

Alver kommune viser til varsel frå Vestland fylkeskommune ved avdeling for kultur, idrett og inkludering (KII) datert 02.02.2022, som gjeld kulturhistorisk synfaring. Vestland fylkeskommune skriv at dei ikkje er kjend med at det er aktuelle automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne innanfor det aktuelle arealet, men området har topografiske trekk som gjer at det kan vere potensial for nye funn. På denne bakgrunn vurderer dei at det er naudsynt med kulturhistorisk synfaring før dei kan gje fråsegn til tiltaket. Ved synfaring vil ein ta stilling til om det er påkravd med ei arkeologisk registrering, jf. kulturminnelova §9. Det er opplyst at synfaringa vil bli gjort så snart som råd.

Vestland fylkeskommune ber om at kommunen ikkje fattar vedtak i saka før dei har gjeve endeleg kulturminnefagleg fråsegn.

Alver kommune viser til at det omsøkte tiltaket krev nærare avklaring i høve til kulturminneinteresser. Sakshandsamingsfristen vert difor forlenga med den tida som går med til å få gjennomført kulturhistorisk synfaring og kulturminnefagleg uttale etter kulturminnelova §§3 og 11, jf. plan- og bygningslova §21-5.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Einar Aase  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Arkoconsult AS

Postboks 103

5291

VALESTRANDSFOS

SEN

Helge Magnus Erdal

Nesjavegen 3

5650

TYSSE